

MELAND KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Utval for levekår	21.01.2014	HEK	007/14

Avgjerd av: Utval for levekår	Ansv.	Arkiv:	Arkivsaknr
Saksbeh.: Helge Kvam	IHJ	N-614	14/23

UTTALE - SØKNAD OM SKJENKELØYVE UT PERIODEN TIL 31.03.16

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	30.12.2013	Sanya Restaurant AS	SØKNAD OM SKJENKELØYVE
2	U	09.01.2014	Utval for levekår	SØKNAD OM SKJENKELØYVE UT PERIODEN TIL 31.03.16 - HØYRING
4	U	09.01.2014	Nordhordland lensmannsdistrikt	UTTALE - SØKNAD OM SKJENKELØYVE UT PERIODEN TIL 31.03.16
6	I	14.01.2014	Nordhordland lensmannsdistrikt	UTTALE - SØKNAD OM SKJENKELØYVE TIL 31.03.16 - SANYA RESTAURANT AS
5	U	16.01.2014	Frekhaug Senterforening	UTTALE - SØKNAD OM SKJENKELØYVE UT PERIODEN TIL 31.03.16

Saksutgreiing:

Viser til skriv datert 09.01.14 vedkomande at Sanya Restaurant AS ved Renije Guo har søkt om skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2. I høve andre opplysningar viser ein til vedlegg.

Utval for levekår vert beden om å gje uttale i saka.

Lov om omsetjing av alkoholhaldig drikk mv samt Forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk regulerer spørsmål om skjenkeløyve. Lova sitt føremål er mellom anna å regulere omsetnad av alkohol, slik at individuelle og samfunnsmessige skader alkoholbruk kan medføra vert reduserte.

Viser her til lovtekst § 1-7 a: «Ved vurdering av om bevilling bør gis, kan kommunen blant annet legge vekt på antallet sals- og skjenkesteder, stedets karakter, beliggenhet, målgruppe, trafikk- og ordensmessige forhold, næringspolitiske hensyn og hensynet til lokalmiljøet for øvrig...».

Alkohollova § 4-4 set grenser for skjenektid: «Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 kan skje frå kl 1300 til kl 2400. Skjenking av anna alkoholhaldig drikk kan skje frå kl 0800-0100».

Omsøkt tid for skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 er innanfor gjeldande lovkrav.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå gjeldande krav i lov og forskrift. Kommunen har vidare ansvar for å følgje opp løyve som er gjeve og føre kontroll med at løyve vert forvalta i samsvar med sentrale og lokale føresegner.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

«Utval for levekår har ingen merknad til søknad om skjenkeløyve frå Sanya Restaurant AS ved Renije Guo gjeldande lokale i Havnevegen 3, 5918 Frekhaug.»

21.01.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK-007/14 SAMRØYSTES VEDTAK:

«Utval for levekår har ingen merknad til søknad om skjenkeløyve frå Sanya Restaurant AS ved Renije Guo gjeldande lokale i Havnevegen 3, 5918 Frekhaug.»

Rett utskrift

Dato: 27.01.14

Pita Sætre

Kopi til:

Meland formannskap